ULSTEIN KOMMUNE

# BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2021–2024

## Framlegg frå kommunedirektøren




ULSTEIN
*- der baug bryt båre*

## Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

### VERDIGRUNNLAG

- nyskaping
- omsorg
- rausheit
- mangfald



### STYRINGSMÅL

- nøgde brukarar
- motiverte og kvalifiserte medarbeidarar
- godt omdøme
- god ressursstyring



**Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.**



### VÅRE TILSETTE

- arbeider etter verdigrunnlaget
- set brukaren i fokus
- representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal



### VÅRE LEIARAR

- er utviklingsorienterte
- kommuniserer godt
- har endringsvilje
- er lojale
- har evne og vilje til leiing

Framsidefoto: Svein Arne Orvik
Baksidefoto: Robert Skeide

# INNHALD


2021: QUO VADIS ULSTEIN? ..... 4

ETATSVISE OVERSIKTER ..... 7

Sentraladministrasjonen ..... 8
Helse- og omsorgsetaten ..... 10
Oppvekst- og kulturetaten ..... 12
Teknisk etat ..... 14
Driftsbudsjett for etatane ..... 16

ØKONOMISKE OVERSIKTER ..... 17

Kommentarar til oversiktene ..... 18
Driftsbudsjettet (skjema 1A) ..... 23
Driftsbudsjettet fordelt på etatar (skjema 1B) ..... 24
Investeringsbudsjettet (skjema 2A) ..... 25
Fordeling av investeringsbudsjettet (skjema 2B) ..... 26
Økonomisk oversikt etter art – drift ..... 27
Gruppering av tiltak ..... 28
Gruppering av tiltak ..... 29

AVDELINGSVISE OVERSIKTER ..... 30

Økonomiavdelinga ..... 32
Personalavdelinga ..... 32
Servicetorg og dokumentsenter ..... 32
Helse og omsorg ..... 33
Helsestasjonstenesta ..... 34
Legetenesta ..... 34
Nav ..... 35
Haddal skule ..... 35
Hasund skule ..... 35
Ulstein skule ..... 36
Ulsteinvik barneskule ..... 36
Ulstein ungdomsskule ..... 36
Sundgotmarka barnehage ..... 37
Pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) ..... 37
Ulstein kulturskule ..... 37
Inkludering og mangfald ..... 38
Kulturavdelinga ..... 38
Plan- og bygningsavdelinga ..... 38
Anleggs- og driftsavdelinga ..... 39
Hareid og Ulstein brannvesen ..... 39



# 2021: Quo vadis Ulstein?

### ULSTEIN KOMMUNE 2020, KORT OPP SUMMERT:

- inntekter under landsgjennomsnittet
- behovskorrigerte kostander i helse og omsorg godt under landsgjennomsnittet målt per innbyggar
- behovskorrigerte kostnader på landsgjennomsnittet for andre område
- rente- og avdragskostnader høgt over landsgjennomsnittet
- høge investeringar i budsjettet og i økonomiplanane
- høge behov framover
- ingen overskot budsjettert i gjeldande økonomiplan
- driftsavvik på 20 mill. kroner i høve til budsjett i 2020
- krav om 7,6 mill. kroner i auka innsparing i 2021, 6,8 mill. i resten av økonomiplanperioden

### LITE REALAUKE ATT

Det er lite att av det staten kallar realauke for 2020 i statsbudsjettet slik det vart lagt fram. Kommunesektoren er tilført 1,6 mrd. kroner og 1,2 mrd. i ekstra overføring i statsbudsjettet for 2021. Utrekningar frå KS viser at 1,1 mrd. går med til å dekke auka kostnader som følgje av demografi. 0,2 mrd. er meirkostnader knytte til aktivitetsplikt og ekstratrekk knytte til overføring av skatteinnkrevjarfunksjonen til staten. 0,3 mrd. vert trekt inn i ordninga for ressurskrevjande brukarar og 0,4 mrd. er underfinansiering av barnehagesektoren.

Slik ser det ut no, men vi har ei regjering som er avhengig av støtte frå andre parti så her kan ting endre seg i budsjettbehandlinga i Stortinget fram til endeleg vedtak.

### KOMMUNEN DRIV EFFEKTIVT OG GODT

Vi kom på 8. plass i Kommunekompasset i 2020 (med tal frå 2019 ). Vi kom på 2. plass i Kommunekompasset i 2019. Vi skårar høgt i innbyggarundersøking, folkehelsebarometeret og den nye oppvekstprofilen publisert av Folkehelseinstituttet. Der er veldig mykje bra og svært mange positive utviklingstrekk i kommunen og lokalsamfunnet. Kommunen som driftsorganisasjon fungerer godt og har lave kostnader i høve til kommunar ein kan samanlikne seg med. Konsulentselskapet Agenda Kaupang har gjennomført ein detaljert analyse av pleie- og omsorgsdata for kommunen for 2019. Konklusjonen er at arbeidet innanfor sektoren vert drive svært effektivt.

I KS sin oversikt basert på rekneskapstal for 2019 ser driftsbildet slik ut for Ulstein. Tala er korrigerte for utgiftsbehovet og inntektene i den enkelte kommunen og korrigerte for ulikt nivå på arbeidsgjevaravgift i samanlikninga på landsgjennomsnitt. Tala i tabellen er målte i kroner per innbyggar. Som det går fram av oversikta, driv kommunen dei fleste tenestene med ein kostnad under landsgjennomsnittet. Det høge nivået på barnehage i 2018 kjem av etterbetaling etter opprydding for perioden 2012 til 2017.




Tenester innanfor inntektssystemet. Kommunen sin ressursbruk korrigert for forskjeller i utgiftsbehov m.m




Kommunen sine frie disponible inntekter og ressursbruk (kr per innb). Avvik frå landsgjennomsnittet (=0) korrigert for kommunen sitt utgiftsbehov m.m. (Kroner per innbyggar)

I 2020 rapportere vi i tertialrapporten for andre kvartal at vi kan gå mot eit driftsunderskot på 15 til 20 mill. kroner. I grove trekk er dette delt mellom to tredjepartar innanfor helse og omsorg og ein tredjepart innanfor oppvekst og kultur.

Driftsinntektene for kommunen er under landsgjennomsnittet. Skatteprofilen frå regjeringa med reduksjon i formuesskatten slår sterkare ut i Ulstein kommune enn i ein gjennomsnittskommune fordi formuesskatt tradisjonelt har vore ein større del av skattegrunnlaget i Ulstein enn landsgjennomsnittet. Tala frå KS-modellen viser at kommunen hadde 45,1 mill. kroner meir i renter og avdrag enn gjennomsnittskommunen.

Vi har dokumentert at staten strammar inn rammene til kommunesektoren. Når Ulstein kommune har ekstra høg gjeld, vil det bety at ei slik innstramming vert ekstra utfordrande for oss fordi kostnader låste i renter og avdrag ikkje kan reduserast når inntektene går ned. Ulstein kommune har lagt til rette for vekst og auka folketal skal vere med på å finansiere mange av investeringane som er gjorde. Då er det ei ekstra utfordring at folketalet i kommunen i praksis har stått stille den siste treårsperioden. Det positive er at folketalet no har henta seg inn att etter ein nedgang.

## FRAMLEIS NOKO HANDLINGSROM

Ulstein kommune har framleis noko handlingsrom til å styre sin eigen situasjon, men det hastar. Kommunen må ta kraftige grep og så heller sleppe opp når aktiviteten i næringslivet er tilbake, inntektsgrunnlaget er høgare.

**Der er fire hovudutfordringar som må løysast:**

1. underfinansieringa av omsorgssektoren
2. overføringa av midlar frå oppvekstsektoren til omsorgssektoren
3. senke presset på driftsbudsjettet frå renter og avdrag
4. auke effektivitet, redusert driftsnivå og auka inntekter må skape overskot

## UNDERFINANSIERING AV OMSORGSSEKTOREN

Ordninga med kompensasjon for ressurskrevjande brukarar er i endring. På grunn av høg utgiftsvekst nasjonalt aukar staten innslagspunktet årleg meir enn prisauken. Årlege refusjonar går dermed ned, men føresetnadane frå staten er at tenestenivået skal haldast oppe. For Ulstein kommune er tapet for 2020 på 846 400 kroner, og samla redusert kompensasjon frå 2015 til 2019 er 11,3 mill. kroner. Ulstein kommune har høge refusjonar etter denne ordninga og er svært utsett for endringar av ordninga. Ordninga kompenserer 80 % av kostander for ressurskrevjande over innslagspunktet på 1,43 mill. kroner per brukar. Her skyver staten kostnader over på kommunen utan kompensasjon.

Utrekningar frå KS viser ein faktisk utgiftsvekst innafor pleie og omsorg utover det som er forventa som følgje av demografi frå 2016 til 2019. For 2016 knappe 2 mrd. kroner, for 2017 knappe 1 mrd., for 2018 3 mrd. og for 2019 omlag 2 mrd.

For 2020 kan Ulstein kommune får eit forbruk utover budsjettrammene på 15 mill. kroner. For å få ein illustrasjon på dette beløpet er kostnaden med drift av Ulshaugen / Holsekerdalen 20 12,1 mill. i 2019. For Holsekerdalen 22 19,5 mill. og heimetenesta 22.5 mill.




Endra utgiftsbehov demografi - kommunen - 2020 - 2030. Målt ved inngangen til det enkelte år.

## OVERFØRING AV MIDLAR FRÅ OPPVEKST- TIL OMSORGSSEKTOREN

Framskrivinga av demografikostnadane for perioden 2020 til 2030 viser reduksjon i gruppa barnehagebarn fram til 2026, reduksjon i grunnskulen i heile perioden og auke i pleie- og omsorgssektoren. Som det går fram av figuren er netto endring dei første åra null (blå linje). Det betyr at der ikkje er endring i tilført rammetilskot og at endringa fram til 2024 er ei intern omlegging i Ulstein kommune.

Ser vi på sektorfordelte utgiftsbehov slik dei er utrekna i inntektssystemet, aukar pleie- og omsorgsområdet frå 118,9 mill. kroner i 2016 til 165,2 mill. i 2021. Det andre store området, grunnskule, har i same tidsrom ein reduksjon frå 135,7 mill. til 134,9 mill. Denne utviklinga er ikkje reflektert i løyvingane til sektorane.

Dette betyr eit auka fokus mot kostnadseffektiv tenesteleveranse i alle sektorar, men spesielt i oppvekst- og kultursektoren. Med dei store økonomiske utfordringane som ligg i økonomiplanen, stiller det eit ekstra krav til kommunen om å ta ut gevinstar i effektivisering og utvikling i økonomi og ikkje i auka tenestekvalitet eller auka kapasitet.

## SENKE PRESSET PÅ DRIFTSBUDSJETTET FRÅ RENTER OG AVDRAG

Utviklinga i renter og avdrag tek ein stadig større del av driftsbudsjettet. Dette er ekstra merkbart i ein periode der auken i inntektene er låge. I 2015 brukte kommunen 28,6 millionar kr. meir enn landssnittet til netto finanskostnader, mens kommunen i 2019 brukte 44,1 millionar kr. meir enn snittet – ein auke på 15 millionar kr. I same tidsromet er inntekta i høve til landsgjennomsnittet redusert frå minus 4 mill. kroner til minus 19,5 mill. kroner. Denne utviklinga held fram inn i 2021. Det er berre ein måte å kompensere for dette presset på. Det er å auke inntektene og det vil bety auka eigedomsskatt.

## AUKE EFFEKTIVITET, REDUSERT DRIFTSNIVÅ OG AUKA INNTEKTER MÅ SKAPE OVERSKOT

Kommunestyret har vedtatt styringsindikatorar for Ulstein kommune med krav til overskot, til oppbygging av fond og nedbetaling av gjeld. Der er også forventningar i breie politiske lag om reduksjon av eigedomsskatt. Vi kan dokumentere svært effektiv drift på store område av den kommunale organisasjonen. Det å nå kommunen sine målsettingar om overskot og oppbygging av fond, må skje når inntektsgrunnlaget for kommunen er tilbake.

På den andre sida kan ikkje kommunen på sikt leve med ei drift som er høgare enn inntektene. Situasjonen i dag er dramatisk, korleis dette utviker seg vil vere avhengig av korleis det går med næringslivet og skatteinntekter.

Kommunen må arbeide systematisk for å redusere driftskostnadane på alle einingar. Vi må gå gjennom struktur, kvalitet og tenestenivå. Vi må redusere investeringa, etablere effektive einingar og utnytte teknologi og ressursar på ein betre måte. Vi kjem ikkje unna dei vanskelege spørsmåla som skulestruktur, organisasjonsstruktur, redusert tenestenivå, borttak av tenester og nedbemanning.

## BEREKRAFT

Så vart dette mykje økonomi og lite om andre viktige utfordringar, som til dømes FN sine berekraftsmål. Den prosessen stoppar ikkje opp. Kommunen er med i Møre og Romsdal si storsatsing for å etablere berekraftsfylket. Vi har fokus på det og vil forankre det i heile organisasjonen. Ei klimakartlegging for kommunen er under arbeid og vi vil kome opp med våre prioriterte område og konkrete forslag så snart vi har resultat frå kartlegginga. Men akkurat i denne økonomiplanen er det nok økonomisk berekraft som fekk mest fokus.

**VERNER LARSEN**
kommunedirektør

# Etatsvise oversikter

SENTRALADMINISTRASJONEN

HELSE OG OMSORG

OPPVEKST OG KULTUR

TEKNISK

DRIFTSBUDSJETT FOR ETATANE



KOMMUNALSJEF ORGANISASJON OG UTVIKLING
MONICA CECILIE TORP

# Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektørkontoret og kommunedirektøren sine stabsfunksjonar. Eininga utfører støtte- og fellestenester for innbyggjarar, tilsette og politikarar. Sentraladministrasjonen har også kontrollfunksjonar opp mot rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Overordna ansvar for beredskap, personvern, strategiutvikling, kommunalt planarbeid og tettstadsutvikling er også lagt til eininga.

**SATSINGSOMRÅDE**

- Utvikle ein berekraftig kommune
- Aktivt bruke teknologi og nye arbeidsmåtar for å betre og utvikle tenestene våre
- Samskape mellom folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggjarar
- Gi innbyggjarane gode møte med kommunen
- Vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad
- Ha stabile, kvalifiserte og motiverte tilsette
- Vere opne og gjennomsiktige
- Legge til rette for sunne og aktive innbyggjarar
- Involvere og engasjere innbyggjarane
- Etablere den attraktive staden med urbane kvalitetar og tiltrekkingskraft
- Løfte regionen saman med naboane våre




Foto: Svein Arne Orvik

## FOKUSOMRÅDE

Fokusområde for sentraladministrasjonen i 2021 er berekraft, utvikling og nyskaping.

**Berekraft:** Som ein av kommunane i berekraftsfylket Møre og Romsdal brukte vi hausten 2020 til å analysere kor berekraftige vi var. I 2021 vil vi bruke analysen til å peike ut satsingsområde som skal innarbeidast i organisasjonen og planarbeidet.

**Utvikling:** For å få betre kvalitet, tenester eller effektivitet i dei tenestene sentraladministrasjonen leverer, må vi utnytte dei moglegheitene digitale verktøy gir oss. I 2021 skal vi vidareutvikle bruken av og kvaliteten på både eksisterande og nye verktøy og legge til rette for meir bruk av sjølvbeteningsløysingar.

**Nyskaping:** Ulstein kommune har ein tydeleg ambisjon om å ha ein nyskapingskultur både i organisasjonen og i lokalsamfunnet. I 2021 vil vi jobbe for å utvikle og nytte nye partnarskap for å løyse dei samfunnsutfordringane vi står i. Arbeidet med ny visjon og nytt konsept for rådhus vil vere to av prosjekta her.

## GENERELL DRIFT

Uavhengig av fokusområde må vi alltid halde fram med å yte gode tenester til tilsette, innbyggjarar og politikarar. I dette ligg også å stadig forbetre dagens prosessar og rutinar innanfor til dømes dokumentasjons-, økonomi- og personalforvaltning.

**Tilsette:** Kompetente og motiverte tilsette er vår viktigaste ressurs. Difor held vi fram med satsing på arbeidsnærvær, heiltidskultur, leiarutvikling og kompetanseplanar også i 2021.

**Økonomi:** God økonomistyring er viktig for Ulstein kommune. Med vår høge lånegjeld må vi jobbe systematisk for å oppnå målet om å få ein robust og berekraftig økonomi. I 2021 er eit av tiltaka å auke kvaliteten på månadsrapporteringsarbeidet.

**Innbyggjarar:** Vi ønsker å ha sunne og aktive innbyggjarar som bryr seg om eiga helse. Sjølv om vi har generelt god folkehelse i Ulstein, er det aukande tal på dei som opplever utanforskap, psykiske plagar og overvekt. I 2021 vil vi prøve ut ulike tiltak for å motverke utanforskap.

Vi ønsker også aktiv dialog med innbyggjarane. I 2021 vil vi vidareutvikle og utforske nye måtar å involvere og engasjere på.



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

# Helse- og omsorgsetaten

Helse og omsorg omfattar legetenesta, helsestasjon, Nav Hareid–Ulstein–Sande, heimetenester, institusjon og dagsenter. Ansvar og oppgåver vert meir og meir overførde til kommunane og vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggarane. Dette betyr også at helse- og omsorgsetaten er ein sentral aktør i overordna planarbeid.

**SATSINGSOMRÅDE**

- Satsing på velferdsteknologi
- Styrking av kompetanse på alle nivå i organisasjonen
- Gode på smittevern
- Auka del tilsette i heile stillingar
- Gode pasientforløp
- Framleis satsing på brukarmedverknad som grunnlag for gode tenester
- Tilpassa bustad til alle med særlege helseproblem
- Mat og måltidsrutinar tilpassa brukarane sine behov
- Aldersvenleg samfunn for alle
- Tidleg innsats på alle tiltaksområde
- God integrering gjennom utvikling av møteplassar for alle aldersgrupper

### INNOVASJON, NYTENKING OG RETT KOMPETANSE

For å framleis ha berekraftige tenester må vi tenkje nytt og innovativt. Dette inneber mellom anna fortsatt satsing på elektronisk kommunikasjon mellom dei ulike tenestene. Dette fungerer godt og gjer det lettare å samordne gode pasientforløp. I tillegg må vi også gjere oss nytte av velferdsteknologi for å styrke og effektivisere tenestetilbodet til brukarane. Kompetansen i og erfaringa med bruk av ulike velferdsteknologiske løysingar må framleis styrkast.

### STYRKING AV KOMPETANSE PÅ ALLE NIVÅ I ORGANISASJONEN

Etaten vil også komande år legge stor vekt på vedlikehald og vidareutvikling av kompetanse. Dette vil verte tilpassa dei endringar som skjer i det ansvaret kommunen har og dei tiltaka som må settast i verk. Dette er med på å gjere oss til ein attraktiv arbeidsgivar, og er også viktig ved rekruttering av nye medarbeidarar.

### GODT SMITTEVERN

Ein vil i 2021 framleis legge stor vekt på utvikle/vidareføre gode rutinar for smittevern på alle avdelingar. Det er særleg viktig at vi raskt fangar opp endringar i smittesituasjoinen i kommunen, og set i verk dei tiltaka som er nødvendige.

### GODE PASIENTFORLØP

Satsinga på innovasjon skal bidra til betre pasientforløp. Vi vil fortsatt sikre eit nært samarbeid med andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta gjennom faste samarbeidsforum. Rammene for det nyetablerte forbetringsteamet skal styrkast, særleg med tanke på rutinar som sikrar gode pasientforløp. For dette formålet er det også viktig med styrking av satsinga på kvardagsrehabilitering.

### AUKA DEL TILSETTE I HEILE STILLINGAR

Vi vil framleis legge vekt på utvikling av ein heiltidskultur, dvs. at personell vert tilsette i heile stillingar. Det vil også komande år verte satsa på endringar i turnus som gjer at brukarane får færre personar dei skal verte kjende med. Samla inneber dette også styrking av kvaliteten på tenestetilbodet.

### STYRKA BRUKARMEDVERKNAD SOM GRUNNLAG FOR BETRE TENESTER

Etaten vil i 2021 også legge vekt på tiltak for styrking av brukarmedverknad. Dette inneber også styrking av tilsette si forståing av brukarmedverknad som kvalitetssikring av tenestene.

### ALLE SKAL HA TILBOD OM TILPASSA BUSTAD

Talet på bustadar tilpassa eldre har stetta behovet til no. Kommunen står framfor ein auke i talet på eldre, og det er behov for fleire omsorgsbustadar. I 2019 vart det i regi av planforumet laga til ei parallellutlysing i samsvar med prinsippa om «300 meters-byen» til ulike arkiktektfirma om utforming av sentrum og utvikling av nye omsorgsbustadar, for både yngre funksjonshemma og eldre. Dette planarbeidet må vidareførast i 2021.

### MAT, MÅLTID OG AKTIVITET

Vi ynskjer at brukarane våre skal oppleve meistring. God ernæring er viktig for god helse, og kjøkkenet skal ha eit særleg fokus på å vekke matglede og matlyst, mellom anna ved å velje råvarer og rettar som speglar årstida.

### ALDERSVENLEG SAMFUNN FOR ALLE

Ulstein kommune ønskjer å vere eit demensvennleg samfunn. Innan demensomsorga inneber dette framleis satsing på tidleg oppdaging av demens, og tilrettelegging av gode tenester er viktig. Denne satsinga er styrka gjennom at vi i 2019 vart med i eit nasjonalt kommunenettverk for utvikling av aldersvenlege samfunn, og at vi fortsatt deltek der. I tillegg vil vi i 2021 også halde fram samarbeidet med Husbanken i kommunenettverket «Planar og tiltak for eit aldrande samfunn». Rullering av Budstadsosial handlingsplan og levekårsplanen skal vere ferdig ved utgangen av 2020, og må følgjast opp med tiltak i 2021.

### TIDLEG INNSATS OG SATSING PÅ FØREBYGGANDE ARBEID

Vi skal i 2021 framleis ha eit fokus på helsefremmande og førebyggande arbeid innan alle tiltaksområde og for alle aldersgrupper. Det inneber at satsinga innan demensomsorga vil verte vidareført. Dette gjeld også for den satsinga kommunen, gjennom Helsestasjonen, er med på gjennom Barneblikk, den nasjonale satsinga på tidlig oppdaging av born med særlege behov.

### INTEGRERING OG MØTEPLASSAR

Vi skal framleis legge vekt på å utvikle møteplassar der generasjonar kan møtast og ha gode opplevingar saman. I tillegg skal vi også i 2021 gi praksiserfaring til personar som treng yrkeserfaring og språktrening. Også i 2020 gjennomførte Nav fleire prosjekt der målet har vore deltaking og integrering. Dette inneber også vidareføring av satsing med dei andre kommunane i Sjustjerna (gjennom prosjektmidlar frå Helsedirektoratet) retta mot tilbakeføring til arbeidslivet for menneske med psykiske helseutfordringar som hindrar arbeidsdeltaking. I tillegg vil vi vidareføre samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og Nav. Her har ein starta ei klasse ved Ulstein vidaregåande skule som gir tilrettelagt undervisning for framandspråklege i helsefag og eventuelt utvida til andre fag.



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

# Oppvekst- og kulturetaten

Etaten tek hand om tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, vaksenopplæring, flyktningtenesta, norsk for framandspråklege, kultur og idrett. Ulstein kommune er vertskommune for interkommunalt PPT-kontor for kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein, og for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane i samarbeidskommunane.

**SATSINGSOMRÅDE**

- Eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap
- God samhandling og interaksjon internt og eksternt
- Eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkluderte
- God brukarmedverknad i tenestene
- Rom for alle
- Eit samfunn der det er lov å gjere feil – og vi lærer av dei
- Open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear, og nye utfordrande planar/tankar




Foto: Christin Myrene

## DRIV FOR ENDRING OG UTVIKLING

Berekraft, folkehelse, innovasjon, nytenking og utvikling i kombinasjon med effektivisering og god ressursstyring for å oppnå god tenestekvalitet, vil vere overordna målsetting for oppvekst- og kulturetaten i perioden. Etaten vil legge til rette for å kople menneske og ulike miljø saman, og vidareutvikle og skape nye forbindelsar og møteplassar som fremjar god samhandling. Samarbeid med næringsliv/arbeidsliv skal vidareutviklast, og utstrekt bruk av teknologi vil vere ein viktig faktor i arbeidet.

Tenestene knytte til etaten vil arbeide aktivt med sosial inkludering, eit godt oppvekstmiljø og nulltoleranse for mobbing på alle område og i alle aldrar. Det er eit mål å skape arenaer der ulikskap er verdsett og nytta positivt.

Etaten skal halde seg oppdatert på utviklingstrendar, ha eit aktivt driv for endring og utvikling, samt stimulere til nytenking som fører til nyskaping.

Som ein viktig del av eit godt førebyggande arbeid, vil etaten bidra til at frivillig arbeid får vekse og utvikle seg. Det vert lagt til rette for utstrekt samarbeid med lag og organisasjonar.

Alle tenestene vil i perioden implementere satsinga Betre tverrfagleg innsats (BTI).

## FOKUS I TENESTEOMRÅDA I PERIODEN

**Barnehage:** sikre full barnehagedekning, utbygging i Hasund krins, ev. utbygging i sentrumskrinsen, kvalitet i barnehagetilbodet, heilskap og samanheng barnehage/skule/andre tenester, rullere gjeldande barnehageplan

**Skule:** ferdigstille og ta i bruk nytt areal ved Ulsteinvik barneskule, tilpasse øvrig skuleareal i alle krinsar til mogleg endra behov, innføring av fagfornyinga, vidareutvikle teknologisatsinga, sikre god kvalitet i opplæringa, tilpassing til ny opplæringslov

**PPT:** yte gode tenester til samarbeidskommunane, vidareutvikle system for kompetanseheving og organisasjonsutvikling knytt til barnehagar og skular, tilpassing til ny opplæringslov

**Kulturskulen:** implementere Rammeplan for kulturskulen, vidareutvikle kvalitet i tilboda, vere synleg i samfunnet, gi eit godt tilbod til alle som ønskjer det

**IMU:** tiltak for å motverke utanforskap, gode ordningar/samarbeid for varig tilknyting til arbeidslivet for brukarane, tilpassing til ny integreringslov, tilpasse drift til mogleg redusert behov for tenester

**Kultur:** vidareutvikle godt samspel med frivillig sektor, legge til rette for eit godt og variert kulturtilbod, ha fokus på folkehelse, utanforskap og ungdomsarbeid, drifte eksisterande anlegg på ein god måte, legge til rette for etablering av nye anlegg ved behov



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

# Teknisk etat

Teknisk etat har ansvar for følgjande:

Plan- og bygningsavdelinga
Plan, byggesak, geodata, miljøvern

Anleggs- og driftsavdelinga
Veg, vatn, avløp, grøntanlegg, hamn og utbyggingsprosjekt innanfor desse fagfelta

Hareid og Ulstein brannvesen
Brann- og ulukkesberedskap inkludert beredskap mot akutt forureining, brannførebyggande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Kommunalsjef teknisk
Sal av kommunale bustad- og industritomter, Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, grunnerverv og sal av kommunal grunn

**SATSINGSOMRÅDE**

- Gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt innanfor godkjende rammer
- Ny brannstasjon
- Bustadfelt på Skeide
- Behovsprøvd feiing
- Ta i bruk eByggesak og digitale innbyggarløysingar for å yte god service til innbyggjarar og næringsliv
- Gjennomføre planprosessar som sikrar medverknad, berekraftig utvikling og framtidsretta løysingar
- Opplæring og kompetanseheving hjå tilsette



Foto: Svein Arne Orvik

To store og viktige prosjekt for teknisk etat og kommunen vert realiserte i 2021: bustadfeltet på Skeide og den nye brannstasjonen.

## BUSTADTOMTER

Bustadfelt på Skeide har vore eit ønske for mange i lang tid. Komande år vert det lagt ut kring 50 bustadtomter pluss areal for konsentrert utnytting. Utbygginga er meir komplisert enn normalt sidan det skal byggjast ny infrastruktur i eit område der det er mange bustader frå før. Dette set store krav til entreprenør og kommune med tanke på dialog og tilpassing til det eksisterande.

## BRANNSTASJON

Ny brannstasjon vert oppført i Holsekerdalen. Også dette prosjektet har vore etterlengta. Sjølv om bygget blir noko nedskalert i høve reelle behov av økonomiske grunnar, blir det nye anlegget eit kjempeløft for brannvesenet spesielt med tanke på arbeidsmiljø og tryggleik.

## PLAN OG BYGG

Plan- og bygningsavdelinga skal satse på teknologisk vidareutvikling og gjennom dette yte god service til brukarane. Oppfølging av pågåande parallelloppdrag for Ulsteinvik sentrum, Ulshaugen og Holskerdalen med reguleringsplanar, må gjevast prioritet. Arbeid med å finne eigna areal til gravplass vert også ei sentral oppgåve.

## ANLEGG OG DRIFT

Anleggs- og driftsavdelinga vil jobbe kontinuerleg for å få mest mogeleg ut av tilgjengelege midlar på alle område. Det vil bli lagt opp til lågare investeringsnivå innanfor vassforsyning enn det som har vore vanleg det siste tiåret. Det same gjeld avløpstenestene, men der kan det også kome kostnadskrevjande tiltak som ein i dag ikkje har full oversikt over.

## BRANNVESEN

Leiinga hjå Hareid og Ulstein brannvesen vil rette mykje merksemd mot bygging av ny brannstasjon og kompetanseutvikling hjå medarbeidarane. Brannvesenet skal ta del i nasjonale brannførebyggande kampanjar. Feie- og tilsynstenestene i bustader skal leggje større vekt på behovsprøving.

# Driftsbudsjett for etatane

## FOLKEVALDE

| | REKNESKAP 2019 | BUDSJETT 2020 | BUDSJETT 2021 | BUDSJETT 2022 | BUDSJETT 2023 | BUDSJETT 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum utgifter | 4 988 521 | 4 052 162 | 4 274 428 | 4 024 428 | 4 224 428 | 4 024 428 |
| Sum inntekter | -261 936 | -51 359 | -58 625 | -58 625 | -58 625 | -58 625 |
| **FOLKEVALDE** | **4 726 585** | **4 000 803** | **4 215 803** | **3 965 803** | **4 165 803** | **3 965 803** |

## SENTRALADMINISTRASJONEN

| | REKNESKAP 2019 | BUDSJETT 2020 | BUDSJETT 2021 | BUDSJETT 2022 | BUDSJETT 2023 | BUDSJETT 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum utgifter | 34 758 952 | 43 456 980 | 42 008 179 | 35 202 179 | 29 599 799 | 29 534 799 |
| Sum inntekter | -7 621 897 | -5 692 843 | -4 972 158 | -4 972 158 | -4 972 158 | -4 972 158 |
| **SENTRALADM., KYRKJE M.M.** | **27 137 055** | **37 764 137** | **37 036 021** | **30 230 021** | **24 627 641** | **24 562 641** |

## HELSE OG OMSORG

| | REKNESKAP 2019 | BUDSJETT 2020 | BUDSJETT 2021 | BUDSJETT 2022 | BUDSJETT 2023 | BUDSJETT 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum utgifter | 261 235 728 | 254 237 727 | 237 435 646 | 239 735 646 | 240 735 646 | 241 735 646 |
| Sum inntekter | -71 686 779 | -63 028 160 | -39 855 684 | -39 855 684 | -39 855 684 | -39 855 684 |
| **HELSE OG OMSORG** | **189 548 949** | **191 209 567** | **197 579 962** | **199 879 962** | **200 879 962** | **201 879 962** |

## OPPVEKST OG KULTUR

| | REKNESKAP 2019 | BUDSJETT 2020 | BUDSJETT 2021 | BUDSJETT 2022 | BUDSJETT 2023 | BUDSJETT 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum utgifter | 346 827 461 | 324 220 997 | 320 462 024 | 320 176 891 | 318 760 891 | 317 384 891 |
| Sum inntekter | -78 761 636 | -55 169 969 | -49 031 338 | -48 748 838 | -48 748 838 | -48 748 838 |
| **TEKNISK ETAT** | **268 065 826** | **269 051 028** | **271 430 686** | **271 428 053** | **270 012 053** | **268 636 053** |

## TEKNISK ETAT

| | REKNESKAP 2019 | BUDSJETT 2020 | BUDSJETT 2021 | BUDSJETT 2022 | BUDSJETT 2023 | BUDSJETT 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum utgifter | 56 558 400 | 55 698 555 | 47 791 691 | 48 948 301 | 49 873 301 | 49 822 301 |
| Sum inntekter | -49 504 989 | -51 111 657 | -44 438 062 | -43 406 063 | -43 690 061 | -42 208 061 |
| **TEKNISK ETAT** | **7 053 412** | **4 586 898** | **3 353 629** | **5 542 238** | **6 183 240** | **7 614 240** |

# Økonomiske oversikter

KOMMENTARAR TIL OVERSIKTENE

DRIFTSBUDSJETTET (SKJEMA 1A)

DRIFTSBUDSJETTET FORDELT PÅ ETATAR (SKJEMA 1B)

INVESTERINGSBUDSJETTET (SKJEMA 2A)

FORDELING AV INVESTERINGSBUDSJETTET (SKJEMA 2B)

ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT

GRUPPERING AV TILTAK

# Kommentarar til oversiktene

## FRIE INNTEKTER, FINANSPOSTAR MED MEIR

Inndelinga av kommentarane her fylgjer oppdelinga i budsjettet. Budsjettet er utarbeidd i faste prisar. Der ligg ingen korreksjon for prisauke eller lønsauke på utgiftssida utover at antatt lønsvekst for 2020 er lagt inn med heilårsverknad for 2021. Det er heller ikkje lagt inn kompensasjon for prisstigning på inntektssida.

## RAMMETILSKOT OG SKATT

Grunnlaget for utrekning av rammetilskotet er innbyggartalet per 1. juli 2020. For budsjettåret 2021 vil det vere folketalet per 1.1.2021 som gjeld for utrekning av gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggar og dermed også for inntektsutjamninga.

Med omsyn til skatteanslaget for økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein skatteinngang per innbyggjar lik landssnittet og null-vekst i folketalet i 2020. Ved utgangen av oktober var det 8 576 innbyggarar i kommunen, 5 fleire enn ved nyttår.

Med omsyn til skatteinntekta pr. innbyggar har denne dei 4 siste åra vore tilnærma lik landssnittet, sjå figuren under:




Utviklinga hittil i år liknar veldig på dei 4 siste åra, og det er difor rekna med ein skatteinngang lik landssnittet i økonomiplanperioden. Ein kommune på Ulstein sin størrelse vil tape om lag 1,1 millionar kr. for kvart prosentpoeng ein sakkar akterut i høve landssnittet.

I høve til økonomiplanen for 2020 – 2023 er det ein samla auke i skatt og rammetilskot på 7,751 millionar kr for 2021. I gjeldande økonomiplan låg det allereie inne ein forventa auke i skatteinntektene på 1 millionar kr i 2021 og 2022. I denne økonomiplanperioden er rammetilskotet lagt inn med likt beløp for alle åra. Dei endelege rammene for rammetilskotet er ikkje avklart før budsjettvedtaket er gjort før jul i Stortinget.

Eigedomsskatt vart innført i Ulstein kommune i 2018. I økonomiplanbehandlinga i fjor vart det vedteke å redusere eigedomsskatten til 1,75 ‰ frå og med 2020. I kommunedirektøren si tilråding vert det føreslått å heve eigedomsskatten til 2,75 ‰ i 2021 og 3,75 ‰ i 2022, med ei forventa inntekt på 19,87 millionar kr i 2021 og 26,62 millionar kr frå 2022 og utover.

## INNBYGGARTILSKOT

Tilskot per innbyggar før utgiftsutjamning er kr 24 761 i 2021. Innbyggartalet som er lagt til grunn er talet per 1.7. 2020 (8 598). For meir informasjon sjå frie inntekter for Ulstein kommune.

## UTGIFTSUTJAMNING (JUSTERING UT FRÅ KOR KOSTNADSKREVJANDE DET ER Å DRIFTE KOMMUNEN)

Denne delen av rammetilskotet vert rekna ut frå variablar som mellom anna går på alderssamansetning, nokre sosiale kriterium, talet på psykisk utviklingshemma, reisetid til sentrum m.m. Ulstein kommune sin del i det enkelte kriteriet vert vekta opp mot landssnittet. Ligg vi over snittet vert vi kompensert, ligg vi under snittet vert vi trekt. I 2021 ligg kostnadsindeksen på 0,9988, mens den låg på 0,9982 for 2020. Dette gjer at vi går frå eit trekk på 866 000 i 2020, til eit trekk på 595 000 i 2021. Det som dreg opp for Ulstein i 2020 er aldersgruppene frå 6 til 22 år (spesielt aldersgruppa 16-22 år), samt kriteria Innvandrar 6 til 15 år/PU over 16 år/barn 1 år utan kontantstøtte. På dei andre kriteria ligg vi under snittet og samla sett ligg vi litt under snittet med omsyn til utgiftsbehov.

## BEREKNING AV UTGIFTSBEHOV

| BEREKNING AV UTGIFTSBEHOV - TILLEGG/TREKK I KRONER FOR ÅR 2021 (UTGIFTSUTJAMNANDE TILSKOT) | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | HEILE LANDET | | ULSTEIN | | | BRUK AV FOLKETAL 1.7.2020 | |
| | | | | | | Tillegg/frådrag i utgiftsutj | |
| | Vekt | Tal på | Tal på | Utgifts-behovsindeks | Pst. utslag | kr per innb. | 1000 kr |
| 0–1 år | 0,0055 | 109 851 | 189 | 1,0756 | 0,04 % | 23 | 201 |
| 2–5 år | 0,1363 | 237 316 | 375 | 0,9878 | -0,17 % | -93 | -803 |
| 6–15 år | 0,2628 | 641 420 | 1 134 | 1,1052 | 2,77 % | 1 557 | 13 390 |
| 16–22 år | 0,0231 | 453 148 | 849 | 1,1712 | 0,40 % | 223 | 1 915 |
| 23–66 år | 0,1054 | 3 093 029 | 4 787 | 0,9675 | -0,34 % | -193 | -1 658 |
| 67–79 år | 0,0572 | 605 814 | 913 | 0,9421 | -0,33 % | -186 | -1 603 |
| 80–89 år | 0,0781 | 188 542 | 290 | 0,9615 | -0,30 % | -169 | -1 454 |
| over 90 år | 0,0393 | 45 875 | 61 | 0,8313 | -0,66 % | -373 | -3 211 |
| Basistillegg | 0,0160 | 275 | 0,5687 | 1,2947 | 0,47 % | 266 | 2 283 |
| Sone | 0,0100 | 20 827 541 | 23 390 | 0,7020 | -0,30 % | -168 | -1 443 |
| Nabo | 0,0100 | 9 518 719 | 14 638 | 0,9614 | -0,04 % | -22 | -187 |
| Landbrukskriterium | 0,0021 | 1 | 0,0010 | 0,6076 | -0,08 % | -46 | -399 |
| Innvandrarar 6–15 år ekskl Skandinavia | 0,0070 | 51 419 | 95 | 1,1550 | 0,11 % | 61 | 525 |
| Flyktningar utan integreringstilskot | 0,0082 | 155 865 | 183 | 0,7340 | -0,22 % | -123 | -1 056 |
| Dødelegheit | 0,0464 | 40 489 | 53 | 0,8183 | -0,84 % | -475 | -4 082 |
| Barn 0–15 med einslege forsørgarar | 0,0167 | 113 292 | 146 | 0,8056 | -0,32 % | -183 | -1 572 |
| Lavinntekt | 0,0105 | 285 344 | 387 | 0,8479 | -0,16 % | -90 | -774 |
| Uføre 18–49 år | 0,0063 | 115 718 | 129 | 0,6969 | -0,19 % | -108 | -925 |
| Opphopningsindeks | 0,0093 | 171 | 0,1857 | 0,6772 | -0,30 % | -169 | -1 454 |
| Aleinebuande 30–66 år | 0,0189 | 488 624 | 607 | 0,7766 | -0,42 % | -238 | -2 045 |
| PU over 16 år | 0,0497 | 19 681 | 42 | 1,3341 | 1,66 % | 935 | 8 040 |
| Ugifte 67 år og over | 0,0464 | 367 626 | 470 | 0,7992 | -0,93 % | -525 | -4 511 |
| Barn 1 år utan kontantstøtte | 0,0166 | 39 438 | 70 | 1,1069 | 0,18 % | 100 | 860 |
| Innbyggarar med høgare utdanning | 0,0182 | 1 452 561 | 2 156 | 0,9279 | -0,13 % | -74 | -636 |
| **1 KOSTNADSINDEKS** | **1,0000** | | | **0,99877** | **-0,12 %** | **-69** | **-595** |
| **(TILLEGG/TREKK KR PR INNB.)** | | | | | | | |

| | |
|---|---|
| | Alle tal i 1000 kr |
| 2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr | **-595** |
| 3 Nto.virkn. statl/priv. skular | 1 958 |
| **4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)** | **1 363** |
| Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov i kr per innbyggar: | 56 318 |

## INNTEKTSGARANTIORDNINGA (INGAR)

Inntektsgarantiordninga skal sikre enkeltkommunar mot brå nedgang i rammetilskotet frå eitt år til eitt anna. Den sikrar at ingen kommunar får ein vekst i rammetilskotet pr. innbyggar som er mindre enn 400 kroner under veksten på landsbasis. På landsbasis var veksten i rammetilskot per innbyggar frå 2020 til 2021 -145 kr., mens Ulstein fekk ein vekst per innbyggar på -156 kr. Ulstein får difor ikkje tilført noko gjennom INGAR i 2021.

## SKJØNNSTILSKOT

Skjønnstilskotet vert brukt til å kompensere kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje vert fanga opp i den ordinære delen av inntektssystemet. For 2021 vert Ulstein tildelt 2,7 mill. kr. basert på følgjande forhold:

- 400 000 kr etter generell vurdering
- 2 300 000 kr for særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar

I høve 2020 er det ein auke i skjønnstilskotet på 0,5 million kr.

## INNTEKTSUTJAMNING

Det skjer ei inntektsutjamning gjennom rammetilskotet der kommunar som ligg under landsgjennomsnittet i skatt per innbyggar vert kompensert opp mot landssnittet.

Kommunar med inntekt over landssnittet vert trekt 60 % av meirinntekta. I tillegg får alle kommunane eit trekk for å finansiere ordninga med ekstra 35% kompensasjon opp til 90% av landssnittet, sjå vedlagte illustrasjon.




## AVKASTNING OG AKSJEUTBYTTE

Det er lagt inn ei forventa avkastning på plassering av langsiktig og kortsiktig likviditet på 4,227 millionar kr. Kortsiktig likviditet vert plassert i bank hjå hovudbanken (for tida Sparebank 1 Søre Sunnmøre), mens langsiktige midlar er til aktiv forvaltning hos Odin Forvaltning. Utbytte frå Tussa Kraft AS er budsjettert med 0,5 million kr i 2021 og 1 million kr i resten av økonomiplanperioden.

I økonomiplanperioden er leigekostnad for infrastruktur på fjernvarme frå Ulstein fjernvarme AS lagt inn med 0,6 million kr per år. I samsvar med avtalen med Ulstein fjernvarme AS er det ei opptrapping av betalt andel av leigekostnaden i takt med den økonomiske utviklinga i selskapet.

## LÅNEGJELD, RENTER OG AVDRAGSUTGIFTER

Ulstein kommune si lånegjeld ved utgangen av september 2020 er på 704,4 mill. kr. Samla lånegjeld for konsernet er på 1 609,8 mill. kr.  Målt per innbyggar eller opp mot kommunen si inntekt er dette svært høgt. Sjå elles grafen under for utviklinga i netto lånegjeld (langsiktig lånegjeld minus lån til vidare utlån og unytta lånemidlar) for perioden 2010-2019:




I perioden frå 2011-2019 har netto rente- og avdragsbelastning for konsernet auka frå 28,86 millionar kr i 2011 til 74,75 millionar kr i 2019. Målt i prosent av brutto driftsinntekter for konsernet har rente- og avdragsbelastninga auka frå 5,95 % i 2011 til 9,87 % i 2019.

I økonomiplanperioden er det budsjettert med låneopptak på 113,332 millionar kr i kommunekassa (177,625 millionar kr i konsernet). Av dette er 24 millionar kr knytt til lån til vidare utlån og 57,1 millionar kr knytt til investeringar i sjølvkostområdet. Dei resterande investeringane som det er knytt størst låneopptak til på konsernnivå er utbygging av barneskulen (32 millionar kr), ny brannstasjon (20 millionar kr) og ny barnehage (14,8 millionar kr).

## RENTER

Vekta gjennomsnittsrente for Ulstein kommune per september 2020 er 1,56 %. Kommunen har langsiktig rentesikring (utover eit år) på 28,2 % av gjelda per september 2020. Vekta rentebindingstid er 1,23 år. For eigedomsselskapet er vekta gjennomsnittsrente 1,91 %, mens 72,3 % av låna har bindingstid utover eit år og vekta rentebindingstid er 6,7 år.

## AVDRAG

Ulstein kommune betaler avdrag etter minsteavdragsprinsippet. Minsteavdraget vert rekna ut etter prosentvis avskriving i høve til bokført verdi og ganga opp med netto lånegjeld. Minsteavdraget for 2021 er budsjettert til 24,75 millionar kr i kommunekassa.

Avdrag for UEKF vert budsjettert i selskapet sitt budsjett. For 2021 er det budsjettert med 27,76 millionar kr i minsteavdrag.

Minsteavdrag i 2021 er rekna ut frå balanseverdiar pr. 1.1 2021. Det er difor eit visst etterslep før investeringar slår ut med full verknad i minsteavdraget.

## EKSPONERING GJELD OG RENTERISIKO

Ulstein har Noregs høgaste netto lånegjeld målt i prosent av brutto driftsinntekter med 185,9%. Snittet for Møre og Romsdal er på 108,5%, mens den for landet er på 85,3%.

Ei slik høg eksponering stiller krav til rentesikring. Det vart gjennomført ein omfattande rentesikring i eigedomsselskapet og kommunen for nokre år sida. I tillegg vart det i 2019 inngått 3 nye rentebytteavtalar med framtidig oppstart på til saman 427 millionar kr. Dette gjer at store deler av gjelda er rentesikra godt ut over økonomiplanperioden. Rentesikring vil normalt auke rentekostnaden, men avgrense kostnaden ved ei brå rentestigning. Høg gjeld gir og utfordringar med at ein stor del av driftsinntektene går til renter og avdrag. Dette stiller høge krav til kostnadseffektiv drift i kommunen.

## ØKONOMISKE STYRINGSINDIKATORAR

Kommunestyret vedtok i mars 2018 fylgjande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala/få ned lånegjelda:

- Netto driftsresultat skal minimum vere 1,75% av driftsinntektene etter anbefaling frå TBU
- Driftsfondet skal byggast opp til 7,5% av brutto driftsinntekt, det vil si om lag 54 mill.kr.
- Minimum 20% eigenkapital for lånefinansierte investeringar kor driftsinntektene ikkje dekker driftskostnadar og renter/avdrag frå første fulle driftsår
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år

Også i årets økonomiplan har det vist seg særs utfordrande å nå desse måla. Lav befolkningsvekst, vesentleg reduserte inntekter som fylgje av redusert busetting av flyktningar og nedlegging av asylmottaket, lav vekst i skatteinntektene og høg utgiftsvekst innan pleie- og omsorgssektoren er blant dei mest sentrale årsakene. Samtidig vil investeringsnivået som vart vedteke i fjorårets økonomiplan innebere at ein tidligast kan få snudd gjeldsutviklinga i 2022, sjå figuren under:




Utviklinga over er under føresetnad av at ein betalar ekstraordinære avdrag som følgje av forventa tippemiddeltildeling i økonomiplanperioden frå fylket på 32 millionar kr for Ulstein Arena og frå tomtesal på Skeide for 82,7 millionar kr.

## PRISVEKST OG LØNNSVEKST

Det er ikkje tilført midlar til kompensasjon for prisauke i økonomiplanen. Det ligg dermed ein reell reduksjon i driftsrammene for den enkelte eining på dette området i den grad dei ikkje kan kompensere for prisauken med auka inntekt. For lønsauke er det gitt kompensasjon for heilårsverknaden av lønsauke frå 2020 inn i 2021-budsjettet.




Ved Studio Hugo Opdal på Flø. Foto: Svein Arne Orvik

## PENSJON

Samla pensjonskostnad for 2021 er budsjettert til 34,1 millionar kr. Det er sett av 8,1 millionar kr til kostnadsføring (amortisering) av tidlegare års premieavvik. Premieavviket er skilnaden mellom det beløpet kommunen må betale til KLP/SPK og den pensjonskostnaden kommunen skal registrere i rekneskapen. Premieavviket er dermed betalt, slik at det belastar likviditeten, men ikkje ført som kostnad i kommunerekneskapen.

Ved utgangen av 2019 var det samla premieavviket 30,6 millionar kr. I 2020 vil tidlegare års premieavvik bli kostnadsført med om lag 6,8 millionar kr.

## TILLEGGSLØYVING

Avsetting til tilleggsløyving er kr 550 000 for 2020. Det er Formannskapet som disponerer denne posten. I tillegg er det sett av kr 50 000 til tildeling til lag og organisasjonar etter søknad. Vedtak om fordeling er lagt til Levekårsutvalet.

## DRIFTSFOND OG KAPITALFOND

Kapitalfondet er på 41,3 millionar kr ved inngangen til 2020. Det er budsjettert med bruk av 21,5 millionar kr frå kapitalfondet til investeringar i økonomiplanperioden, jamfør kravet om minimum 20% eigenkapital.

Driftsfondet i kommunekassa er på vel 39,4 millionar kr ved inngangen til 2020. I UEKF utgjer driftsfondet vel 8,4 millionar kr. Det er venta eit betydeleg underskot i kommunekassa i 2020, og dette vil venteleg tære på driftsfondet. Økonomiplanperioden sett under eitt er det i kommunekassa budsjettert med ein avsetning på vel 6,0 millionar kr til disposisjonsfondet, men i 2021 er det budsjettert med å bruke 6,4 millionar kr av fondet. Med den høge gjelda Ulstein kommune har burde kommunen ideelt sett bygge opp eit større driftsfond enn andre kommunar for å sikre seg mot endringar i rentenivået.

## LIKVIDITET

